

Retningslinjer for emnepakkar

(retningslinjene er meint som hjelp til fagmiljø i utarbeiding av emnepakkar. Ved spørsmål/kommentar, ta gjerne kontakt med hanne.misje@uib.no)

1. Ein emnepakke skal ha eit beskrivande namn, og skal kommunisere til studentane som skal velje emnepakken.
 2. Emnepakkar skal som hovudregel vere på 30 studiepoeng, og det finst to typar emnepakkar:
 - a. Ein **emnepakke over eitt semester** består av 30 stp og utgjer eit fullt vår- eller haustsemester.
 - b. Ein **emnepakke over to semester** består av 30 stp fordelte over eit vårsemester og det etterfølgjande haustsemesteret. Merk: emnepakkar over to semester kan ikkje garantere mot timeplan- og eksamenskollisjonar. Studentar er då sjølv ansvarlege for å finne andre emne som ikkje kolliderer med undervisning/eksamen i emna i emnepakken.
 3. Emnepakkar består av eit fast sett av emne. Det kan vere noko valfridom mellom emna i emnepakken. Dersom det skal vere valfridom i pakken, er det viktig å hugse på føremålet med emnepakken – å løse studentar gjennom val av frie studiepoeng.
 4. Allereie samansette einingar eller semester der kombinasjonar gjev seg sjølv treng ikkje vere emnepakkar i tillegg. Døme på dette er:
 - Årsstudium
 - Emna som høyrer saman i 2. og 3. semester av ei spesialisering (100-nivå)
- Desse samansetjingane av emne kan samla eller enkeltvis inngå som frie studiepoeng i graden, slik som i dag. Enkeltemna kan òg inngå i emnepakkar.
5. Emnepakkar er i hovudsak tematisk innretta, og skal forklare studentane kva som er føremålet med samansettinga av emne, kva dei lærer ved å ta velje pakken og korleis den gir spesialiseringa støtte eller utdjuping.
 6. Ein emnepakke kan ikkje innehalde emne med studierettskrav.
 7. Dersom emna i emnepakken har forkunnskapskrav, må det informerast tydeleg om.
 8. Det skal vere tydeleg samanheng mellom emna som inngår i ein emnepakke. Det er fråråda å bruke emne med fleire tema eller tema som varierer i for stor grad i ein emnepakke.
 9. Informasjonen om emnepakkane er primært retta til studentane. Det er eit mål at språkføringa skal vere presis, men lettfatteleg. Emnekodar skal alltid kombinerast med emnenamn.
 10. Emnepakkar ved HF vil bli formidla til studentane gjennom ei infoside på uib.no. Studieplanar ved HF skal vise til tilrådde emnepakkar for det aktuelle studieprogrammet.